



Nyheitsbrev 2016-05

Kjære Handball vennar.

Da var sesongen over og dei fleste har akkurat gjort unna avslutningar for sine lag. Nokre har begynt med oppkjøringa allereie. Stå på jenter og gutar. Då eg kom heim att ein dag denne veka og såg konemora og nokre talentfulle Volda damespelarar tok bakketrening oppi geila, skjønte eg at for disse er det handball heile året ;)

Først vil styret takke alle saman for innsatsen førige sesong. Mykje bra resultat og god utvikling i alle aldersklasse i Ørsta Handball, noko som gleder mitt handball hjerte. Det var også bra med handball glede, entusiasme og engasjement blant publikum, foreldra og handball gruppa.

Det nye styret er allereie i fullt arbeid med å forberede seg for neste sesong. Eit av dei første tiltaka er å vise tilstedeværelse og tilgjengelegheit for alle i gruppa. Samtidig ønskjer styret å vere meir open med planar og aktivitetar som står foran oss. Dermed ønskjer vi å begynne med å dele informasjon om kva slags fokus Ørsta handball har for sesongen 16/17 og framtida. Vi har store utfordringar denne sesongen og styret har ei svært vanskeleg og travelt tid foran seg for at Ørsta Handball skal vere klare for komande sesong. Det er viktig å merke seg at alle punkta nedanfor henger saman med kvarandre. Skal vi oppnå ei god utvikling i klubben, må strukturen, retningslinjer og bra fundament vere på plass.

- *Betre informasjon og kommunikasjon til alle i gruppa* (meir aktiviteter og nyheiter i FB og WEB-sida)
- *Publisering og anerkjennelser* (avisa, FB, WEB-sida, kringkasting, innløpsmaskottar i landskampar, aktiviteter i Ørsta sentrum/Amfi)
- *Klare strukturer og retningslinjer* (synleggjer og tilgjengelegheit av rolle beskrivelse i Handball gruppa; styrets roller, trenar, oppmenn/damer, foreldrekontakt etc.)
- *Talentutvikling og rekruttering* (større fokus på aldersbestemte. Meir samhald og fellesskap rundt spelarar, trenarar, dommarar etc.)
- *Guttehandball* (Hente tilbake igjen og få tak i fleire gutar til handballen)



